



SØLVBERGET
STAVANGER KULTURHUS

SKOLEBIBLIOTEKSENTRALEN

Titlar på nynorsk for ungdomsskulen

www.stavanger-kultuhus.no/skolebiblioteksentralen

Belsvik, Rune: På nippet (25 eks.)

Arne Bu går på vidaregåande skule, og bruker mykje av tida si til å tenkje på ei jente han har gått ifrå. Ei bok om kjærleik og draumar, om å vere ung og heile tida vere på nippet til å oppleve nok stort; på nippet til eit eller anna. Frå 9. klasse.

Belsvik, Runde: Verdas mest forelska par: ei forteljing frå Bløygen (30 eks.)

Esmiluni og Bidger har det godt. Dei bur i den vesle bygda Bøygen. Her dyrkar dei livet og kvarandre. Som kjærastar flest pludrar, kosar og klemmer dei dagen lang. Det einaste som kan true idyllen, er ein konkurranse om kven som skal kårast til Verdas mest forelska par – og Bjørn Disel. Bjørn Disel bur også i Bøygen, har bensinstasjon og er hemmeleg forelska i Esmiluni. Når den store konkurransen blir offentleggjort, melder han seg og Esmiluni på. Men Esmiluni er også påmeldt saman med Bidger, og heile Bøygen står bak dei når dei drar avgarde for å sikre heimbygda den store premien. Både konkurransen og Bjørn Disel set kjærleiken mellom dei to på ei hard prøve. Men som seg hør og bør i ei romantisk forteljing, endar det godt. Eit frodig persongalleri, underfundig humor og Belsviks særprega forteljarstemme gjer dette til ei spesiell leseoppleving.

Bruheim, Magnhild: Dragsug (15 eks.)

På treningstur i skogen finn journalisten Tone Tarud eit kvinnelik. Kvinna er drepen. Tarud har møtt henne eit par veker tidlegare – på dansetreff for einslege – og ho får også sjølv ei stadig sterkare kjensle av at nokon er ute etter henne. Som einsleg har ho søkt etter partnar på Internett. Tarud arbeider med eit radioprogram med pårørande til menneske som er dømde for mord. Er det ein av mordarane som mislikar det ho arbeider med? Eller er det ein av mennene ho har møtt gjennom Internett? Kan det vere samanheng mellom drapet og det ho etter kvart opplever som trugsmål mot seg.

Bruheim, Magnhild: Ny melding (Bok 1, 25 eks.)

Kari-Marie, Kami blant venner, er forsvunnen. Ein sein kveld ringer Kami til venninna si, Bente, på veg heim frå bussen, og då er ho saman med ein ukjend gut. Etter det, forsvinn Kami. Men Bente held fram å få tekstmeldingar frå Kami. Men er det verkeleg ho som sendar dei? Det kan jo vere nokon annan som brukar telefonen hennar. Blir ho halden som fange, eller har ho rømt frivillig? Bente må finne ut av mysteriet på eige hand. Det fører henne til Oslo, og mange farlege situasjonar.

Bruheim, Magnhild: På flukt (Bok 3, 30 eks.)

Bente og Henrik arbeider med ein dokumentar om innvandrarjenter da dei kjem i kontakt med Yasmeen. Snart er dei involverte i ei sak som har med tvangsekteskap og æresdrap å gjere, og i ein flukt på liv og død.

Bukkøy, Else Karin: Sara (29 eks.)

14 år gamle Sara har heilt frå ho var lita lært seg å dekkje over løyndommene i heimen. Ingen må få vite noko om at faren mishandlar mora, så Sara dreg seg vekk frå venene og er flink, høfleg og "usynleg" på skulen. Vi møter henne når ho ikkje lengjer greier å halde på løyndommen, og dei "farlege" orda kjem fram. Engasjerande bok om alvorleg tema. Frå 9. klasse.

Desplechin, Marie (15 eks.)

Aurora synest livet er så ur-kjedeleig at ho bestemmer seg for å skrive dagbok. Ho meiner at ingenting skjer, men i dagboka skriv ho med ein vittig og sarkastisk penn om dei irriterande systrene sine, den teite faren, den nysgjerrige bestemora, den håplause lærarinna og den smellvake guten ho ikkje veit namnet på. Nynorsk tekst. Roman for mellom-/ungdomstrinnet.

Ericson, Stig: Ropande Ramn (15 eks.)

Indianarguten Ropande Ramn veks opp i nær kontakt med naturen og lærer seg å tyde draumar og teikn. Teksten er poetisk og gjev ei kortfatta og god framstilling av indianarane sine liv og lagnad.

Gripe, Maria: Tordivelen flyg i skyvinga (29 eks.)

Dette er ei fantastisk forteljing om tre ungdommar sine mystiske opplevingar i ein by i Småland, og om korleis tilfeldige hendingar gjer at visse gøynde og gløynde saker rullast opp og blir avslørt. Boka har ei fin blanding av medmenneskelege samspel og ekte mysteriegrøss, så det blir opplevingar på mange plan. Gode, lesevenlege typar. 6.-9. klasse.

Hansen, Atle: Det kvite pulveret (30 eks.)

Anders bur på ei lita øy ute i havgapet. Ein varm sommardag finn han ein svart pakke nede i fjæra. Pakka gøymer han på ein hemmeleg stad så han kan studere innhaldet i fred og ro, trur han. Men han er ikkje åleine i fjæra, ein mørkledd mann ser alt han gjer. Det som Anders trudde skulle bli ein kjedelege sommar saman med dei tre vennene sine, blir i staden meir spennande og dramatisk enn han hadde håpt på når ein livsfarleg smuglarliga

kjem til øya. Spenning for mellom-/ungdomstrinnet.

Hansen, Atle: Fangar i natta (30 eks.)

Martin, Anna, Anders og Steinar får ein ny sak å hanskast med når Martin ein morgon kjem ned til jolla si og ser at påhengsmotoren er borte. Fleire motorar er stole i båthamna. Samstundes er Anna i skogen, og kjem fram til eit hus der det ikkje har budd folk på mange år. Folk seier at det spøkjer der. Brått dukkar det opp ein mann i døra som Anna aldri har sett før. Dei fire barna på den lille øya i havgapet er i stor fare når dei avslører ein aust-europearbande som stel påhengsmotorar. Spenning for mellom-/ungdomstrinnet.

Hauge, Kolbjørn: Heit juice (25 eks.)

Den første kriminalromanen om førstebetjent Arthur Andersen og kriminalbetjent Håkon Brenna. Dei kjem til vestlandsbygda for å løyse mordet på Anton Lillebergen som ein dag ligg død på kjøkkengolvet. Løysinga er temmeleg overraskande, og den verkelege mordaren blir ikkje avslørt før på siste side. Frå 9. klasse

Hoel, Tore Elias: Fire dagar i Nairobi (10 eks.)

I ei stram og velskrive forteljing får vi her høyre om fire dagar i livet til velstående Peter. Han har ein draum om å bli stjernesongar á la José Carreras, men når han blir med i skolekoret, oppdagar han verdien av samspel og solidaritet. I koret går også fattige Annie, og Peter blir nøydd til å reflektere over tilhøvet mellom svarte og kvite som bor i ein og same by. Parallellmotiv og ei levande personschildring gjer forteljinga til eit konsentrert og sterkt realistisk drama. Peter framstår som ein tilbakehaldane eg-forteljar, og det er mykje å lese mellom linene.

Hovland, Ragnar: Ein motorsykkel i natta (26 eks.)

Hovudpersonen er ein ung gut som vi aldri får vite namnet på. Han bur i ei falleferdig rønne saman med ein fordrukken onkel. Foreldra er forsvunne, og broren Raymond har stukke av etter å ha vore i klammeri med den lokale gjengen, Mamba-gjengen. Utanfor huset flyt elva som er opphav til mange slags reisedraumar. Så dukkar Raymond opp igjen. 9.-10.klasse

Hovland, Ragnar: Fredlaus (15 eks.)

Anders rømmer frå foreldra og systrene sine når han skjønar at foreldra skal skiljast. Han slår seg ned i det gamle huset etter Dobbelt-Aksel for å gløyme sitt tidlegare liv og leve på

villmarksvis. Det går ikkje lang tid før den mystiske Hilmar frå Skogane dukkar opp, og den eine etter den andre finner skjulestaden hans. Anders må ta stilling til fleire vanskelege spørsmål som kva han skal gjere med kjærleiken, og om han skal være med Hilmar på eit farleg oppdrag. Livet i villmarka blir ikkje heilt slik Anders trudde, det er både annleis og farleg i skogen. Roman for ungdomstrinnet.

Kaaberbøl, Lene: Skammarens dotter (bok 1, 33 eks + lydbok)

Dina har arva den eigenskapen frå mora som gjer at alle må frykte henne: Berre med blikket kan ho få folk til å tilstå kriminelle handlingar. Når Skammaren blir kalla til Dunark-borga der den vonde fyrst Drakan herskar, må Dina komme mora til unnsetning.

Bøkene har hatt stor suksess i fleire land. Hovudpersonen er den 11 år gamle Dina, som er dotter til Skammaren og har arva same gåva som mora har: Når ho ser nokon i auga, er dei tvinga til å fortelje heile sanninga. Blikket gir makt, men det er også ei farleg gåve. Forbrytarar fryktar ho, og mange ønskjer å utnytte ho. Forfattaren Lene Kaaberbøl blei i 2002 kåra til beste Disney-forfattar for W.I.T.C.H.-serien, og er nå nominert til den velrenommerte Marsh-prisen for Skammarserien.

Kaaberbøl, Lene: Skammarteiknet (bok 2, 34 eks + lydbok)

Skammarfamilien har flykta opp i Høglandet, men den hemngjerrige fyrst Draken og drakehæren hans får meir og meir makt, og ingen stad er trygg for Skammaren og barna hennar. 16-årige Davin og syster hans Dina kjem i harde kampar, kvar på sin måte.

Kaaberbøl, Lene: Slangens gåve (bok 3, 30 eks + lydbok)

Under Midsommarmarknaden i Høglandet ser Dina den framande for første gong. Ho kjenner berre eit lite stikk av uro, men mor hennar stivnar til når ho får auge på han. Ho veit at denne mannen vil forfølgje Dina, og at dei alle no er i yttarste fare. Familien må flykte, men det er ikkje enkelt å gøyme seg for ein svartemeister, særleg når han har slangens gåve.

Kaldestad, Per Olav: Sola klappar meg (21 eks.)

Denne boka er delt i fire hovuddelar. Den første delen inneheld dikt om tankar og kjensler kring ein sjølv. Andre del er dikt om ting omkring ein. Tredje del er elleve dikt om

den vesle fuglekongen, og fjerde og siste del handlar mest om fellesskap og vennskap.

Kaldhol, Marit: Kino: noveller for ungdom (15 eks.)

Dette er ei samling med 8 noveller der hovudpersonen ikkje alltid skil mellom fantasi og røynd. Mange unge vil kunne kjenne seg att i novellene da dei ofte tek utgangspunkt i skrekk- eller lystfantasiar, kjensler mange kan oppleve i byrjinga av tenåra. Nynorsk tekst. Noveller for mellom-/ungdomstrinnet.

Kolerud, Arnfinn: Den som ikkje har gøynt seg no (30 eks.)

Ungdomsroman. I denne boka får vi innblikk i Odd sitt skuleliv, familieliv og venneliv. Alt har eigentleg utgangspunkt i eit merkeleg dødsfall – ei gammal dame kan ha fått ein ball i hovudet og dødd av det. Like etterpå dør også den vaksne sonen hennar. Huset hans brenn ned og han blir funnen i brønnen saman med ei mengd eple som flyt nede i der. Det er Odd som har kasta epla ned i brønnen. I følge forlaget er dette ei underhaldande guttebok med underfundig humor.

Kvalvaag, Hilde K. Nattsommarfugl (30 eks.)

Johanne er på sommarbesøk hos mormor og morfar. Mens ho er på besøk der treff ho Mattias som ho får varme kjensler for. Dei drar på hyttetur saman, men ein slengbemerkning frå Mattias får Johanne til å slå opp. Ho vil ikkje vere kjærast med han lenger. Dagen etter får ho vite at Mattias er forsvunnen. Nynorsk tekst. Ungdomsroman for mellom-/ungdomstrinnet.

Osland, Erna: Det sjette grepet (30 eks.)

Eg-personen i boka skal på skoledans for fyrste gang og storebror har lært han fem grep for å halde rundt dansepartneren. På skoledansen treff han ei mørkhåra jente. Ho tek initiativet og bruker det sjette grepet på han. Vi får også høyre om storebror til eg-personen og ka som skjer når han ikkje vil vere med på kriminelle handlingar. Dette er ei spennende og lettlest bok. Illustrasjonane er teikneserieinspirert. Sirius ungdom.

Osland, Erna: Svart hane. (Daniella D.(26 eks. + lydbok)

Spenningsbok nr. 2 i serien om Daniella D. Daniella skal bu hos stemora og veslesystema si. Veslesystema er livredd ein svart hane, som viser seg å ikkje vere ein hane, men ein utkledd postranar. Boka er spennande og lett å lese. Ein del modererte nynorskformer, f.eks., "fikk", "noe".

Osland, Erna: Salamanderryttaren (32 eks.)

Erle, også kalla Bror Min, stel i butikkane. Stel frå dei rike og gjer til dei fattige, det er hennar moral. Lillebroren Søren på 12 år er til å stole på. Han ser kva som skjer, tenkjer på konsekvensane, men kan ikke stoppe henne med ord. Søren blir etterkvart sjuk av presset frå eige samvit og redsla for fengsel for systema. I draumen kjem så salamanderen; vegvisar og redninga. Søren tar på seg skulda då alt vert oppdaga, men foreldra kjenner barna sine og hjelp til med å rydde opp. Boka tek opptilhøve mellom barn og vaksne; det å vere avhengig, ansvar, utnytting, skuld og søskenkjærleik. Språket er godt, prega av ei knapp uttrykksform og korte setningar som gjer boka lett å lese. 6.- 10. kl

Røssland, Ingelin: Handgranateple (30 eks.)

Anja har flytta heiman frå for å begynne på vidaregåande skule i byen. Ho flyttar inn på ein hybel i nærleiken av skulen. Då ho budde heime hos foreldra levde ho eit grått og kjedeleg liv, men i byen møter ho Malin som snur opp ned på livet hennar. Malin bringer meir spaning i livet til Anja enn ho kanskje har godt av. Nynorsk tekst. Roman for ungdomstrinnet.

Sortland, Bjørn: Alle har eit sultent hjerte (30 eks.)

Ina har nettopp oppdaga at ho er gravid med Erik. Ho blir sår, sint og frustrert, for det var så mykje ho hadde planar om. No veit ho ikkje kva som vil skje. Erik seier han vil hjelpe ho. Han køyrer ho til bestevenninna i Oslo, så ho får snakka med henne. Ina treff venninna, men er stadig like usikker. Ho og Erik reiser tilbake til vestlandet og heimbyen, i lag. Ingen av dei har bestemt seg for kva som er best å gjere, men under køyreturen blir dei kjent med kvarandre på ein ny måte, dei har i alle fall begynt å snakke saman. Og dei har skjont at dei har eit val. Dette er ein roman om å velje og om begjær etter å få mest muleg ut av livet. Nynorsk tekst. Roman for ungdomstrinnet.

Sortland, Bjørn: Kva tåler så lite at det knuser om du seier namnet på det? (15 eks.)

18-åringen Markus forelskar seg hodestups i den fire år eldre Ingrid. Han gjer alt han kan for å få ho til kjæraste. Det fine er at han lykkast, men dessverre har lykka ei baksida. Ingrid har kreft og skal snart døy. Dette er ein roman om kjærleik og død. Roman for ungdomstrinnet.

Sunne, Linn T.: Happy (30 eks.)

Mo og faren flyttar til ein ny stad fordi faren har fått ny jobb i kommunen. Boka startar med

Mos første dag på den nye skulen, i 8. klasse. Det er ikkje berre greitt å vere ny, Mo blir bombardert med spørsmål frå nyfikne elevar og lærarar. Men Mo er godt førebudd og svarer så godt ho kan, især likar ho å fortelje om den fråverande mora som er motefotograf i New York. I byrjinga av boka får ein inntrykk av at Mo og faren har ein lett og optimistisk tone seg imellom, men litt etter litt slår det vellykka bilete sprekkar. Medelevarane skjønar etter kvart at Mo lyg og etter som Mos historie blir avslørt, blir ho utstøyt av dei andre og må starte på botnen av. Dette er ei forteljing om å vere ny i klassen, om å lyge og ha pokerfjes som sprekk. Roman for mellom-/ungdomstrinnet.

Torkildsen, Terje: Marki Marco (30 stk.)

16 år gamle Marco bur i byen Moulindam i Belgia. Ein morgon då han snik seg inn i slottsparken for å studere fuglelivet, oppdagar han ei naken kvinne som står og røykjer. Denne oppdaginga blir starten på den beste og verste sommaren i Marcos liv. Både terroristar, galne skogvaktarar og også Marcos nærmaste familie blir ein trussel, og Marco må gå i dekning for å redde sitt eige liv. Dette er ein forteljing om kjærleik, sex, action og spenning. Forteljing for ungdomstrinnet.

Vatle, Sylvelin: Tim Brentloffs eventyr (bok 1, 30 eks.)

Tim Brentloff er ein ung mann, så urban som det går an å bli når ein veks opp i ein småby på vestkysten. På ferietur nordover forliser han med Rutebåten, Tim Brentloff blir feidd over bord og forlatt i bølger på størrelse med ei amerikansk boligblokk. Hvis han ikkje hadde blitt fiska opp av ei sprø kjerring som ser ut som om ho planlegg å sløya han, ville han ha vore død. Men Tim Brentloff dør ikkje. Dette er den forskrekkelige historia om hans reise til Nivlheim. Til det djupaste, ytterste Dødsriket - tur/retur. Det er den sanne forteljinga om hans møte med lumske fiendar, om byllepest, gift og pinsler. Om mordarspøkelser, klirrande knoklar, klam angst og mystiske hjelparar.

Vatle, Sylvelin: Fenrisulvens forbannelse (Bok 2, 32 eks.)

Dette er den forskrekkelige historia om Tim Brentloffs reise gjennom Muspelheim. Om hans møte med mystiske hjelparar, ville jotnar og lumske fiendar, og om korleis han kom til å kryssa det botnlause Ginnungagapet. Nederst i skjemaet

Vesaas, Tarjei: Ein motig maur (15 eks.)

Novella "Ein motig maur" er henta frå Tarjei Vesaas sin novellesamling "Vindanen" som

utkom i 1952. For nokre år sidan tok teiknaren Steffen Kvernland for seg ein del klassikarar og laga "Amputerte klassikarar" i Dagbladet. "Ein motig maur" var blant dei klassikaran han laga sin strek til. Denne boka bygger på denne teikneserien, teksten er noe nedkorta og tilpassa teikneserieformatet. "Ein motig maur" handlar om ein maur som vel å forlata tua si til fordel for den store verda. Vi følger mauren på ferda, i basketak med andre dyr og insekt, før den ender sitt liv i ein varm kopp med kaffi. Nynorsk tekst. Biletbok for småskole-/mellomtrinnet- /ungdomstrinnet

Zanger, Jan de: Kvifor sa vi ingenting? (33 eks.)

Boka tek opp eit kjend og alvorleg tema, mobbing. Pieter Vink møter dei andre i klassen sin for fyrste gong på 25 år, og etter kvart begynner han å tenke på episodar frå skuletida. Ein av gutane i klassen blei plaga av fleire andre elevar og av ein av lærarane. Dagen før den siste eksamensdagen sykla han over ein togovergang og blei påkjørt og drept av toget. Boka er velskreven, med sterke synspunkt.

Zanger, Jan de: Om så med vald (28 eks.)

Fengjane ungdomsroman om rasisme og kjærleik. Brutale overfall, hakekors måla på veggene og trusselbrev er vanleg på skulen og i miljøet der Lex og Sandra er. Men dei kjempar mot dei kreftene som vil skilja dei.

Øglænd, Finn: Passe hard, passe mjuk (30 eks.)

Han er 15 år og vakner og veit at det er i dag det må skje. I draumen har han sett korleis han skal gjere kur til Elise. Problemet er at han er den mest ukule guten på heile skolen. Så på klasseseturen skjer det store. Den populære Marion slår seg i lag med han av ein eller annan grunn, og dagen blir ganske spesiell for dei begge. Dette er ei bok om å få litt tru på seg sjølv og å blir litt meir vaksen. Passar best for ungdomsskoletrinnet.

Øglænd, Finn: Rebell (21 eks.)

Alex er rebell, eller det er iallfall det han kallar seg. Han bur i lag med mor si i Stavanger og blir kalla "Storhaugs skrekk". Han held seg meist inne og høyrer på samlinga av lp-plater med punk han arva etter far sin, før han stakk av gårde til Thailand og fann seg ei dame der. Alex chattar mykje på internett med ei mystisk jente som heiter Julia, samtidig som han kanskje er forelska i Silje i klassen. Han tek toget til Oslo for å møte Julia, men hoppar av i Egersund fordi han plutsleg kjennar på seg at ho er ein bløff, og dessutan får han ein svært

oppløftande SMS frå Silje. Men kva med Beate frå Vassøy og venninna hennar? Dei er heller ikkje verst. Det er jammen ikkje lett å vere rebell. For ungdomstrinnet

Økland, Einar: Black & Decker og 20 andre historiar (15 eks.)

I denne samlinga er det eit utval av dei beste novellen Einar Økland har skrive for ungdom. Novellene har stor spennvidde både i innhald og lengde, her er fablar og idyllar, surrealisme og nitid realisme, sentimentalitet og råskap. Dei fleste forteljingane tar for seg unge som kjem i konfliktsituasjonar, men som kjem gjennom dei med ny innsikt. Novellene stimulerer lesaren til å tenke nytt og gjerne skape nye gåter. Nynorsk tekst. Noveller for ungdomstrinnet. Inneholder 21 noveller.

Økland, Einar: Pennen den blå. Samla dikt for barn og unge (26 eks.)

Mange av dikta er korte glimt frå kvardagen til barn, oftast skildrast tankar, kjensler og observasjonar meir enn hendingar. Mange emne, også dei vanskelege blir sett og oplevd med barneauge. Dikta i den første delen er konkrete og enkle i biletbuk og symbol. Del 2 og 3 er meir fabulerande og passar for eldre barn og unge.